



COOP NORDVEST SA
Postboks 130
7302 ORKANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon

Therese Småland, 71 25 84 94

Foreløpig tilbakemelding - søknad om status som typisk turiststad - Sandsøy - Sande kommune

Saka gjeld

Coop Marknad Sandsøy søkte 13. april 2026 om løyve til å halde butikken open søndagar i perioden 1. juni til 31. august.

Søknaden er grunngeven med at den lokale daglegvarebutikken tener både tilreisande og fastbuande. I sommarsesongen er det ei betydeleg auke i talet turistar, båtturistar og fleire folk på fritidsbustadane i området. På øya ligg også hotellet Rosenlund hamn. I tillegg er det fleire populære arrangement som tiltrekke seg turistar gjennom sommarhalvåret.

I søknaden viser dei vidare til at omsetnaden i sommarmånadene er avgjerande for den samla økonomien i butikken. Inntektene i denne perioden bidreg vesentleg til å sikre vidare drift gjennom resten av året, og dermed også til å oppretthalde eit lokalt handelstilbod i eit område som elles har avgrensa servicetilbod. I 2025 hadde butikken ei omsetning på 623 000 kroner i januar, og til samanlikning 1 388 000 kroner i juli. Samanliknar ein omsetnaden i første kvartal på kr. 1 981 011 opp mot omsetningstala i juni - august på kr. 3 156 507, så er det ein auke på 59,34%. Samanliknar ein dei 12 vekene om sommaren med minst omsetnad, så er det ei auke på 96%.

Oppsummert meiner søkaren at ein søndagsopen butikk i den travlaste turistsesongen vil vere positivt av omsyn til turistnæring, lokal verdiskaping og tilgang til naudsynte varer frå den einaste daglegvarebutikken på Sandsøya.

Rettsleg grunnlag

Etter lov om heilagdaggar og heilagdagsfred § 5, 1. avsnitt skal faste stader som sel varer til forbrukarar halde stengt på heilagdaggar. Statsforvaltaren kan med heimel i § 5, 6. avsnitt, etter søknad frå kommunen, ved forskrift slå fast at eit område skal reknast som typisk turiststad for heile eller delar av året.

Det går fram av forarbeida til lova (Ot.prp. nr. 11 (2002-2003)) at det med typisk turiststad er meint mindre stader der salet i periodar i all hovudsak skjer til turistar. Det at salet «i all hovudsak» skal



skje til turistar, tilseier at salet skjer i langt større grad til turistar enn til fastbuande. Ein siktar til område der dei faste innbyggjarane er få i høve talet tilreisande/besøkjande. Som eksemplar er det vist til Beitostølen, Geiranger, Geilo og Lyngør.

Relevante moment ved vurderinga er til dømes i kva grad tilreisande har behov for å handle på søndagar, og kor viktig handelen er for næringa. Det kan eksempelvis vere hytteturistar sitt behov for daglegvarebutikk eller behov for varer frå sportsforretning til turistaktivitetar. Eit viktig kriterium er som sagt at innkjøp frå turistar utgjer ein vesentleg del av omsetjinga på det aktuelle området, og at kundegrunnlaget er for lite til å drive næringsverksemd basert på fastbuande. Området må difor vere eit handelsområde som i turistsesongen i all hovudsak baserer seg på handel for turistar.

Vidare handsaming i kommunen

Som det kjem fram av regelverksorienteringa over kan Statsforvaltaren innvilge status som typisk turiststad etter søknad frå kommunen. Det er kommunestyret i Sande kommunen som må leggje fram ein slik søknad overfor Statsforvaltaren dersom dei ynskjer at Sandsøya skal få denne statusen. Søknaden frå kommunen må vere grundig grunngjeve ut frå det samla turist- og handelsgrunnlaget som finst på Sandsøy.

Dersom Statsforvaltaren mottok ein slik søknad frå kommunen og vel å gå vidare med den, vert søknaden sendt på høyring til ulike instansar. Dette er eksempelvis Handel og kontor, Møre og Romsdal politidistrikt og Arbeidstilsynet region midt, før ei endeleg avgjerd blir tatt.

På bakgrunn av dette tar vi per no ikkje endeleg stilling til søknaden om å gje Sandsøy status som typisk turiststad. Vi ber Coop Nordvest ta kontakt med Sande kommune om temaet, og vi ber om å bli halde orientert om korleis saka blir følgt opp vidare lokalt.

Med helsing

Andreas Welle Rusten (e.f.)
seniorrådgivar

Therese Småland
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

SANDE KOMMUNE

Rønnebergplassen 17

6084

LARSNES